

## KULTUR

FRILUFTSLIV

# Kvardagsintegrering på sitt beste

Stortingsrepresentant Mudassar Kapur er på lytterunde, med mål om å treffe folk som jobbar med integrering i kvardagen. Sist veke var turen kommet til Sula.

Før stortingsrepresentanten Mudassar Kapur møtte Sula Multietnisk Turlag, hadde han eit ønske om å sjå korleis naturen og turgleda var med på det som blir kalla kvardagsintegreringa. Med seg fekk han mykje meir enn eit glimt av natur.

Kapur vart tydeleg imponert over kva Sula turlag og kommunen, med Mariann Barstad og folkehelsekoordinator Rune Liavåg i spissen, har fått til saman med innvandrarane frå Eritrea.

**KVARDAGSINTEGRERING:** Bakgrunnen for at Kapur ønska å få høyre meir om Sula turlag, ligg i forholdet vi nordmenn har til naturen.

Naturopplevelingar betyr mykje for oss, og det å dele ei slik oppleveling med våre nye landsmenn gjer at vi dermed deler våre beste stunder saman med dei, fortel Kapur.

Nettopp dette er kvardagsintegrering; dei små samtalane, å dele augneblink med kvarandre og å gjøre noko saman.

- Det er det som skapar tilhørleikheit. Her er ingen politiske vedtak som kan få til det, det er det berre menneske som kan, seier han.

**PÅ SITT BESTE:** Kapur vart tydeleg imponert då Mariann Barstad fortalte om turar både i nærmiljøet og rundt om, og bokedagar for jul.

Dei er jo så mykje meir enn «berre» eit turlag. Dette er fantastisk! seier Kapur, som seinare skal til Geiranger for å halde innlegg om kvardagsintegrering på Møre og Romsdal Høgre sitt årsmøte.

- Det er ingenting som passar betre enn at eg kan kome dit med dette eksempelet, dette er verkeleg kvardagsintegrering på sitt beste.

**SPRÅKET KJEM MEIR NATURLEG:** Noko Mariann Barstad har bitt seg merke i, er at språket kjem seg raskt når man er saman og opplever ting i naturen.

- Vi kan stoppe opp og snakke om kva ting heiter på norsk, ofte har dei liknande planter og tre heime også, så snakk vi om det. Språket kjem så mykje meir naturleg når vi er ute i naturen, går saman og opplever ting saman, seier Barstad.

Kapur nikkar, og legg til at det er noko han vil ta med seg vidare.

- Det blir noko heilt anna enn språkleg oppplæring, der det er meir slik «no kan du norsk, ha det bra». Det blir ein tilhørleikhet, ekte venskap. Dykk må love å seie ifrå neste gong dykk skal på tur, då vil eg gjerne vere saman, seier Barstad.

Lizbeth Osnes



Mudassar Kapur fann fort tonen med dei frammøtte på Kantina. Til høgre ser vi turlagsleiar Mariann Barstad.



Det er ikkje berre naturen som står i fokus når desse venane møtest; her viser Selam Welday fram biletet frå bokedagen dei hadde før jul.



Malake Gebray (t.v) saman med stortingsrepresentant Mudassar Kapur.



Hobbyen er ikkje berre ein flott måte å kome seg meir ut på, men også ein fin arena for sosialisering og stifting av nye bekjentskaper. Tore Holen (t.v) og Ola Birkeland (t.h) har hatt mykje moro med interessa i fleire år - og det ser ikkje ut til at dei skal gå lei med det første.

## Cache-samling

Den «cache-frelste» gjengen samlast ofte for å vere sosiale, og prate om hobbyen dei har til felles; Geocaching. Sjølv dei yngste medlemmene er med på moro; guttungen Karl Otto på tre år har funne om lag 1400 slike «skattar».

Er det nokon «cacher» her i nærleiken?

- Jada, vi står faktisk knappe tre meter ifrå ein, smilar ein av dei aktive medlemmene i Sunnmøre Geocaching, Ola Birkeland, eller som han her er meir kjend som brukaren «Olabirk».

**CACHE-BURSDAG:** Den muntre gjengen møttest i Bolvik, sidan to av husets fire «cachere» har bursdag først i halvdel i februar.

- Vi ønskjer derfor å markere dette med ein liten event, står det i arrangementet Tore Johan Holen opprettet.

Den spennande hobbyen byr på både turar, sosialisering og spennande leiteaksjonar. Den aktive gjengen har blant anna reist land og strand for å finne spennande cacher.

**BYR PÅ REISER:** – Det lengste vekke eg har vore for å finne cacher, må vere Hirtshals i Danmark, fortel Ola Birkeland.

- Eg reiste faktisk til Nigeria og hadde planar om å ta cacher der, men det fekk eg derimot streng beskjed om å ikkje våge meg ut på, flira ein av dei besøkande til bursdagsfeiringa.

Som nemnd inndeiligvis treng ein likevel ikkje reise langt for å finne desse «skattane»; berre her på Sula finns det om lag 50-60 cacher plassert rundt om.

**TAR MED BORNA:** Arrangør Tore Johan Holen er på «cache-tur» nærmest kvar helg, og dei to borna Karl Otto og Olgunn er aktive deltakarar dei også - sjølv sagt med eigne brukarar.

Karl Otto har funne om lag 1400 cacher, og Olgunn rundt to tusen, smiler ein stolt pappa Tore.

Det er tydeleg at hobbyen betyr mykje for heile gjengen, og at interessa er både sunn og gir rom for mange opplevelingar både med familie og venar, er det ingen tvil om.

Samlinger og event har dei ofte, og utanom godt humor og frisk luft, er sjølv sagt den felles interessa oppe til samtar.

- No har eg blant anna planlagt sommarferien min til tre store treff rundt omkring i landet, kan Tore fortelje.

Lizbeth Osnes



Karl Otto er berre tre - men har om lag 1400 registrerte cacher på sin eigen brukar.

### FAKTA: DETTE ER GEOCACHING:

Geocaching er ein internasjonal aktivitet. Det kan samanliknast med orientering, men ein finn fram ved hjelp av GPS i staden for kart og kompass. Ein leitar etter postar («cacher»). Cachene er plassert ut over store deler av verda, og informasjon om alle cachene ligg på nettstaden Geocaching.com.

Hobbyen passar for alle; alt i frå små barn til pensjonistar kan ha det kjekt med hobbyen. Rullestol er heller inga hindring, det finst cacher for alle; sjølv dei som likar fjellklatring, seiling, shopping, matte-nøtter, historie, geologi, arkitektur og mykje, mykje meir.

Kjelde og meir informasjon om aktivitetene: <http://gcinfo.no>